

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 44

Fylke: Nord-Trøndelag

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Foldereid

Emne: Vevity

Bygdelag:

Oppskr. av: P.Jæger-Leirvik

Gard:

(adresse): Sjölstad

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

Oppskrifta er etter Rikke Leirvik, f. 1878 og  
 vaverske Tora Sjölstad, f. 1892, og etter det  
 mor mi, f. 1858 fortalte.

-----

Heilt til kring 1900 var det vanleg at kvinnene  
 her i bygda vov det som trengdest til klede i  
 heimen både til born og vaksne. Berre noko lerret  
 og anna bomuldsty til blusar og forkle, og finare  
 kjolety vart kjøpt. Det vart såleis mange slag ty  
 som vart vove og mange vevemåtar som vart bruk.  
 Her skal nemnast det, som ein enno veit om dette:

I. Ty og vevemåtar til dei ymse bruk.

## 1. Mannsklede .

a) Vadmel ("tvitre") vart brukt til både stasklede  
 og arbeidsklede. Til stasklede vart ofte svart,  
 og til arbeidsklede vart det brukt naturgrått.

Tvitre til stasklede vart vove to-skaft, men til  
 arbeidsklede brukte dei ofte "venn-tvitre", d.v.s.  
 fire-skaftvevnad, med ei trøe ned for kvar gong.  
 Stasklede var dressar, frakkar og utapåtrekk til  
 "tulluppar", flora med svart lammeskinn. Arbeids-  
 klæde av tvitre var bukser og stöypkoftor. Desse  
 siste gjekk av mote i 70-80-åra, og var - så len-

10392

ge dei var i bruk - berre vinterplagg og regnplagg.  
 b) "Högvennty" hadde bomull renning og ull innslett med fire-skaft veing, ei tröe for kvar gong som til venn-tvitre. Det vart oftast brukt svart renning og naturgrått innslett. Högvennty vart brukt til arbeidsbukser om somaren og til arbeidsblusar. Some manfolk ville også ha högvennty til overskjorter om vinteren, og da vart det brukt raudt innslett  
 c) "Stoff" var også bomulls renning og ull innslett, men vove med to tröer ned for kvar gong. Det vart til mannsklede brukt til overskjorter i kvardags bruk, og til vestar, men da teke av ty som var vove til kjolar. Stoff til overskjorter vart anten vove med raudt innslett i svart renning, eller det vart vove randut eller rutut.

## 2. Kvinneklede.

Serkty vart vove som lerret med bomull både innslett og renning, eller med ull innslett. Det var både to-skaft og fire-skaft som vart brukt til det.

Det var altid kvitt. Heilt til i 1850-åra var det ikkje uvanleg å veva serkty av lin, og da altid to-skaft. Da brukte dei jamnast nedste parten av serken av eit simplare ty, jamnast strie av fin-spunne stry-garn.

Nattröye-ty var også bomull både renning og innslett. Det vart vove som "ringvend", "krokvend" eller "gåsvend" med fire skaft, eller "vaffelvend" med fem skaft, og ymse oppknyting og tröding.

Kjolety var vendty med bomulls renning og ull innslett, fire-skafts vevnad, eller heilulls "eintre" (to-skafts vevnad) eller "steindreiel" med fire skaft og to tröder. Det vart da bruk to farger.

Vidare vart til kjolety brukta bomullsty med striper eller rutor, vove både som to-skafts og fire-skafts vevnad. Det vart da gjerne brukta fleire farger.

Forkle-ty var vanleg fire-skaft, men gjerne oppplukka renningen slik at det vart mōnster, noko dei kalla "forenkla dragrustning". Elles vart det også til forklety vove to-skaft boullsty med striper eller rutor i ymes farger.

4. Senkomheng vart vove som vanleg to-skaft bomulls ty med striper eller rutor, men var elles ofte av det tyet som vart kjøpt etter det vart höve til det.

5. Sengety. Underlaken var til vanleg av hamp så lenge dei dyrka det, eller i meir velstääande heimar av lin. Overlaken var av bomull eller lin. Vevnaden var to-skaft. Til vinter- og underlaken vart det i slutten av 18-hundretalet vanleg med halvullsty i fire-skaft-vevnad. Men laken vart altid berre brukta til gjestar.-Elles var det fellar både under og over, vinter som somar, som vart brukta heilt til det i første, av dette hundrasåret etter kvart vart slutt med det.

BukDukar var dreiel av lin eller bomull.

7. Handklety vart vove i vaffelvevnad og ringvevnad og krokvevnad som nattröty, med bordar i farger og med garn til fryns, som sidan vart knyttt.

8. Åkle. Her vart ikkje vove andre åkle enn på fellar. Dei vart vovne med 6 skaft og 6 trödor - to botnskaft og fire mōnsterskaft. Mōnstret var rute- eller krokmonster i blått, raudt og grönt med kvit botn. Renningen var bomull og innslett av 2-lagt ullgarn.